

PROSESSKRIFT

TIL

ANKEUTVALET

Saksøker: XXX

Saksøkt: YYY kommune

Saka gjeld: Tvist mellom foreininga XXX på den eine sida og YYY kommune på den annen om lønnsoppgjeret 2005 i YYY kommune / lønsregulering i henhold til hovudtariffavtala for kommunalt avtaleområde (KS) kapittel 5, punkt 2.

Årets lønsforhandlingar

Fakta om XXX sine medlemmar som vert råka av lønsforhandlingane i 2005 finns i vedlegg 1.

Drøftingsmøte	24.08.	
Innsending av krav	09.09.	Vedlegg 2
Første forhandlingsrunde	30.09.	Vedlegg 3
Andre forhandlingsrunde	30.09, Arbeidsgjevars siste tilbod.	Vedlegg 3
Tredje forhandlingsrunde	30.09. Brotprotokoll	Vedlegg 4
Statistikk		Vedlegg 5

XXX sitt krav

XXX har i årets lønsforhandlingar kravd berre individuelle krav etter pålegg frå arbeidsgjevaren. Siste krav er som fylgjer:

Krav 2	OR	KU	OKW	AR	BIT	THF	HØ
Krav i kroner	330 000,-	345 000,-	365 000,-	330 000	330 000,-	340 000,-	330 000,-
Krav i %	7,1 %	8,8 %	7,4 %	7,1 %	7,1 %	6,25 %	7,1 %

Forhandlingsprosessen i YYY

XXX viser til HTA kap 5-2 og 5-4 som omhandlar prinsippa for individuell fastsetting av løn.

XXX kan ikkje sjå at YYY kommune har ikkje teke omsyn til desse prinsippa i forhandlingsprosessen. XXX sin påstand er at dei ikkje fylgjer opp Hovudtariffavtalen.

XXX viste stor forhandlingsvilje og reduserte sine krav med 2 %, medan arbeidsgjevaren ikkje var viljug til å endre sitt tilbod meir enn 0,3 % i forhold til første krav / tilbod.


Bakgrunn for XXX's krav / standpunkt

..... etat, der alle XXX i kommunen er tilsett, er for tida under stort arbeidspress. YYY kommune er for tida i ei rivande utvikling, med store endringar i kommunesenteret YYYvik og med stor aktivitet i industri og næringsliv. I same tid har etaten hatt personalutskiftingar, permisjonar og sjukemeldingar slik at arbeidsmengda har auka tilsvarande meir på dei andre tilsette ved etaten.

Stillingane som XXX sine medlemmar har i YYY kommune, omfattar ofte fleire fagområdar, og det vert difor stilt store krav til evna til fleksibilitet, problemløysing og sjølvstende. Personane som i dag har desse stillingane utførar desse forholda svært bra, noko som YYY kommune nytte godt av. På ogsida vert budsjetta innanfor dei ulike kapittel overhelde utan overskridingar.

YYY kommune sin plan er å vere eit regionsenter for For å utvikle YYYvik i riktig retning vert det kravd kompetanse innanfor fagområda,,, ... og For at dette skal vere mogleg er det viktig å tiltrekke seg attraktiv og kompetent arbeidskraft. Ofte finns denne kompetansen innanfor kommunalteknisk verksemd, men også innanfor privat verksemd. Det er difor riktig og nødvendig å minst samanlikne seg med tilsette innanfor kommunal..... verksemd i regionen.

Lønn skal gje tryggleik, kompensere for ansvar, uttrykke godkjenning for arbeidet, føre til motivasjon hjå dei tilsette og gje løn for resultat. Kva skal til for å finne riktig løn? Arbeidsgjevaren viser til lønspolitisk plan som i punkt 4.2 seier "Lokale forhandlingar skal så vidt mogleg sikre konkurransedyktig og rettferdig lønn i forhold til den regionale arbeidsmarknaden. Forhandlingane bør bidra til at arbeidsgjevar kan rekruttere og behalde kompetent arbeidskraft." XXX meine at eit av fleire viktige moment i prosessen med å finne eit riktig lønsnivå, er å sjå på samanliknelige stillingar, både innanfor tariffområdet og regionen. XXX har gjort nettopp dette, og samanlikna stillingar opp mot kommunar i regionen og tariffområdet og funne store lønsforskjellar på enkelte stillingskategoriar. personell i til dømes kommune ligg 5,35 % høgare enn YYY. Tilsvarande tal for kommune er 7,3 % høgare snittløn enn YYY kommune sine Tilsvarande tal for tariffområdet (landsbasis) er 8,25 %.



Det må og nemnast at dei andre kapittel 5 organisasjonane i YYY kommune i år fekk oppgjer på inntil 4,6 %, sett bort i frå ZZZ som også valde å bryte. Om lønsoppgjeret for YYY kommune vert ståande vil gruppa som er underlagt ankenemnd få eit lønstillegg per 01.05 på 2,9 % i gjennomsnitt, einskilde arbeidstakarar vil berre få eit tillegg på 1,3%.

Årslønstillegga vil då berre vere på heinhaldsvis 1,93 % og 0,76 % og dette kan ikkje akseptertast av arbeidstakersida. Med den prisveksten vi hadde i 2004 og til no i 2005 vil fleire av medlemmane ikkje oppnå ein reallønsvekst snarare ein reallønsnedgang.

.....stillingane utgjer ein liten del (ca 2,2 %) av den totale lønsmassen til YYY kommune. Vi kan ikkje sjå at det skal vere nokon grunn til at XXX - tilsette skal tene mindre enn dei som sit i samanliknbarre stillingar i regionen og tariffområdet. Det er ikkje lenge sidan YYY kommune var lønsledande i regionen.

Bakgrunnen for årets krav er mellom anna at vi dei siste åra har hatt ei mindrelønsutvikling i forhold til samanliknbarre grupper. Dess fleire år med negativ lønsutvikling i forhold til resten av samfunnet, dess vanskeligare vert det å ta igjen gapet som oppstår, og arbeidstakar vert lett oppfatta som kravstor når ein ynskjer å ta igjen etterslep i lønnsutviklinga.

XXX meiner at lønnsnivået for må tilpassast tilbod og etterspurnad i heile arbeidsmarknaden. Dette fører til at det må ei sterk heving av lønnsnivået for i offentleg sektor. Arbeidsgjevarane konkurrerer om dei same ingeniørane innanfor både offentleg og privat sektor. Det har i tillegg vorte uteksaminert få personar innan QQ-faga frå høgskular og universitet i Noreg, og det er svært vanskeleg å få tak i kvalifisert personell. Om YYY kommune skal henge med i marknaden og kunne trekke til seg / behalde kvalifisert arbeidskraft er det viktig å kunne tilbyde eit tilfredstillande lønnsnivå.

Samandrag:

Følgjande hovudfaktorar er viktige for XXX - medlemmane i YYY kommune i dette året sitt lønsoppgjer:

- Svak lønsutvikling dei førre åra, som vert verre og verre å kompensere for etterkvart som åra går. Vi ligg allereie 8,25 % lågare enn snittet for tariffområdet.
- Løns plasseringa for dei fleste medlemmane er for låg i høve til samanliknelige stillingar i regionen og på landsbasis.
- Verdsetting av medarbeidarar.
- Resultatoppnåing

Denne konflikten har ein svært liten økonomisk konsekvens for arbeidsgjevar. Det er berre kr. 97.000 som skal til for å i-møtekome XXX - medlemmane sitt siste krav.

YYY, 28.10.2005

pv
XXX